



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 07.03.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	23 110 658	20 871 905
Sum inntekter		23 110 658	20 871 905
Kostnader			
Varekostnad		1 143 765	1 120 355
Lønnskostnad	2	13 715 985	11 316 954
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	279 736	356 082
Annen driftskostnad		7 198 661	6 488 453
Sum kostnader		22 338 147	19 281 845
Driftsresultat		772 511	1 590 060
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		78 404	17 819
Annen finansinntekt		199	32
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		114 551	92 898
Annen finanskostnad		682	158
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		-36 629	-75 205
Ordinært resultat før skattekostnad		735 882	1 514 856
Ordinært resultat etter skattekostnad		735 882	1 514 856
Årsresultat		735 882	1 514 856
Totalresultat		735 882	1 514 856
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	735 882	1 514 856
Sum overføringer og disponeringer		735 882	1 514 856



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1 736 968	1 725 294
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	6 827 119	6 792 044
Sum varige driftsmidler		8 564 088	8 517 339
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		178 485	156 751
Sum finansielle anleggsmidler		183 487	161 753
Sum anleggsmidler		8 747 575	8 679 092
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		713 000	616 793
Sum varer		713 000	616 793
Fordringer			
Kundefordringer		137 737	131 747
Andre fordringer		437 282	863 005
Sum fordringer		575 019	994 752
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		13 407 601	15 461 173
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		13 407 601	15 461 173
Sum omløpsmidler		14 695 621	17 072 719



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EIENDELER		23 443 195	25 751 810
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	12 329 723	11 587 391
Sum opptjent egenkapital		12 329 723	11 587 391
Sum egenkapital		12 541 723	11 799 391
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelser		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	4 620 000	5 040 000
Sum annen langsiktig gjeld		4 620 000	5 040 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		557 256	480 423
Skyldige offentlige avgifter		767 370	648 036
Annen kortsiktig gjeld		4 956 847	7 783 960
Sum kortsiktig gjeld		6 281 473	8 912 419
Sum gjeld		10 901 473	13 952 419
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		23 443 195	25 751 810



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 315377

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 02.03.2023



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	23 110 658	20 871 905
Sum inntekter		23 110 658	20 871 905
Kostnader			
Varekostnad		1 143 765	1 120 355
Lønnskostnad	2	13 715 985	11 316 954
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	279 736	356 082
Annen driftskostnad		7 198 661	6 488 453
Sum kostnader		22 338 147	19 281 845
Driftsresultat		772 511	1 590 060
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		78 404	17 819
Annen finansinntekt		199	32
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		114 551	92 898
Annen finanskostnad		682	158
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		-36 629	-75 205
Ordinært resultat før skattekostnad		735 882	1 514 856
Ordinært resultat etter skattekostnad		735 882	1 514 856
Årsresultat		735 882	1 514 856
Totalresultat		735 882	1 514 856
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	735 882	1 514 856
Sum overføringer og disponeringer		735 882	1 514 856



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1 736 968	1 725 294
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	6 827 119	6 792 044
Sum varige driftsmidler		8 564 088	8 517 339
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		178 485	156 751
Sum finansielle anleggsmidler		183 487	161 753
Sum anleggsmidler		8 747 575	8 679 092
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		713 000	616 793
Sum varer		713 000	616 793
Fordringer			
Kundefordringer		137 737	131 747
Andre fordringer		437 282	863 005
Sum fordringer		575 019	994 752
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		13 407 601	15 461 173
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		13 407 601	15 461 173
Sum omløpsmidler		14 695 621	17 072 719
SUM EIENDELER		23 443 195	25 751 810

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	12 329 723	11 587 391
Sum opptjent egenkapital		12 329 723	11 587 391
Sum egenkapital		12 541 723	11 799 391
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelses		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	4 620 000	5 040 000
Sum annen langsiktig gjeld		4 620 000	5 040 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		557 256	480 423
Skyldige offentlige avgifter		767 370	648 036
Annen kortsiktig gjeld		4 956 847	7 783 960
Sum kortsiktig gjeld		6 281 473	8 912 419
Sum gjeld		10 901 473	13 952 419
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		23 443 195	25 751 810



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet. Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld. Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor. Varige driftsmidler Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid. Fordringer Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap. Skatter Skatter kostnadsføres når de påløper, det vil si at skattekostnaden er knyttet til det regnskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsatt skatt. Skattekostnaden fordeles på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i henhold til skattegrunnlaget. Utsatt skatt og utsatt skattefordel er presentert netto i balansen.

Note

1

Er det usikkerhet om fortsatt drift?: Nei

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

9.00

Note

2



Spesifisering av resultatregnskapet

Lønnskostnader

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmidler Immaterielle eiend.</u>

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Begrunnelse for at datterselskap er utelatt fra konsolideringen

<u>Samlet beløp - tilknyttet selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>	
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>	
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>	
<u>Samlet beløp - felles kontrollert virksomhet</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>	
<u>Pantstillelse</u>	<u>Beløp</u>		
<u>Beholdning av egne aksjer</u>	<u>Antall</u>	<u>Pålydende</u>	<u>Andel av aksjek.</u>



Årsmelding og årsrekneskap
for
Stiftinga Vest-Telemark Museum

2022

Årsmelding 2022

Årsmelding for 2022

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Rapport vurdering måloppnåing

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar.
- etablere ei realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

Vurdering av eiga måloppnåing

Prioritert tiltak var det gamle våningshuset på Grimdalen. Til dette mottok me også eit ekstraordinært tilskot frå KUD. Vøling av grunnmur, gjenreising av steintrapp, restaurering av bislag,

Årsmelding 2022

nytt tak og sikring av pipe. I samband med arbeidet vart også tunet drenert, og kabling lagt til nytt brannvarslingsanlegg.

På Øyfjell Bygdemuseum vart det lagt nytt kvåvtak på høysel. På Myllarheimen vart det gjort vølingar på stoga og buret, og låven fekk ny dør. Låve Uppistog i Eidsborg fekk ny låvebru.

På Åmdais Verk Gruver vart det utført ulike vølingar på skeidehuset, samt eit større sikringsarbeid inne i gruva. Her vart det gjort spettreinsk av fjell, sett opp nye props, wire og fangnettingar.

Av samlingsbygg vart Norsk Skieventyr beisa utvendig og taklekkasje utbetra skulpturhus Grimdalen. På Smørklepp kunstmuseum vart uteområdet stelt opp etter dreneringsarbeidet der.

I tråd med sikringsplan nytt brannvarslingsanlegg Grimdalen, samt ferdigstilt sikring av tun i Eidsborg. Det var ingen tilfelle av tjuveri eller branntilløp ved våre einingar i 2022.

Systematikk og dokumentasjon er langt betra etter at ein innførte planleggingsverktøyet Famac. Av fagleg utvikling har ein medarbeidar fullført Bygningsvern 2.

Ut over dagleg tilsyn og oppfølging, har avdelinga også stått for prosjektering og oppfølging av nytt aktivitetsområde ved NSE og nytt kafé- og sanitærbygg Øyfjell. Det er også prosjektert og gjort søknadar for vøling av Stålekleivloftet.

Relevant formidling: Formidling

Resultatmål formidling

- utvikle og produsere utstillingar, aktivitetar/arrangement og publikasjonar som stimulerer til oversyn, forståing og kritisk refleksjon
- vedlikehalde og vidareutvikle formidlinga ved museets faste visingsarenaer
- legge museets faste arenaer til rette for publikum generelt, og for grupper med særskilde behov spesielt
- prioritere aktivitetsbasert formidling basert på fysisk rekvisittbruk, audiovisuell/digital stimulering og bruk av sosiale medium
- legge særskild vekt på formidling til born, unge og innvandrarar gjennom pedagogisk tilrettelegging og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, DKS, Kulturtanken og andre
- bidra til museet si heimeside som informasjons- og formidlingskanal
- lære opp sesongtilsette formidlarar og utarbeide/fornye guideressursar.
- følgje vedteken formidlingsplan

Vurdering av elga måloppnåing

Normal sesong med opningstider og publikumstilbod. Samla museumsbesøk til våre faste einingar opp 4,8 %, som er noko under målsetjinga. Samla besøk likevel dobla på grunn av ny ekstern arena på Dyrskun.

Årsmelding 2022

14 nye utstillingsproduksjonar dette år på 9 ulike arenaer.

- Vest-Telemark Museum - Eidsborg:
 - Olav sine draumar – utstilling om Draumkvedet med lydinstallasjon av Natasha Barrett og kunst av Borgny Svalastog. Denne var ferdig i 2021 men blei ikkje opna før 2022 (pga. pandemien)
 - Jarand Rønjom – utstilling (og bok) om den mest vidgjetne byggmeister og handverkar i øvre Telemark på 1700-talet
 - Ein skog av trådar – telemarksbinding og kalligrafi v/Borghild Telnes
- Norsk Skieventyr:
 - Fløyting i Morgedalsåi – historisk temautstilling i høve opning av fløytingsanlegget utanfor Skieventyret
 - Miniutstilling om OL-medaljøren Knut Tore Apeland
- Kviteseid Bygdetun:
 - Kunstutstilling med nyare måleri av Knut Flatin
- Grimdalstunet:
 - Kunst- og salsutstilling med verk av Liv S. Fløid, Ruth K. Dalen og Tove Estensen
- Dyre Vaa samlingane:
 - Minneutstilling om kunstnaren Gunn Mads som døydde i Kongsberg i 2021
- Knut Skinnarlands samlingar:
 - Kunst- og salsutstilling med verk av Morten Juvet og Ingrid L. Arntzen
- Øyfjell Bygdemuseum:
 - Støttelaget 30 år – retrospektiv utstilling om aktivitetane ved Øyfjell bygdemuseum sidan 1992
 - Kunst- og salsutstilling i fjaset med Nina Mo
- Myllarheimen:
 - Utandørs plansjeformidling med QR-kodar til museumsapp om Myllarguten
- Andre:
 - Husflidsutstilling under Dyrsku'n i Seljord
 - Smedutstilling i Gongestogo under Dyrsku'n i Seljord

Deltakarar i pedagogiske opplegg var 994 (opp 52,4%), og av desse som del av DKS 740 (opp 51,3%). Dette er gledeleg og resultat av vår satsing.

Vår digitale formidling vart vidareutvikla med ny digital audiogulde i folkedraktutstillinga i Eidsborg, samt utviding av Morgedalsløypa. Draumkvedutstillinga med lydinstallasjon av Natasha Barret og kunst av Borgny Svalastog vart endeleg heilt opna for publikum. Eige seminar arrangert i samband med dette.

Det vart ferdigstilt fleire filmprosjekt dette år, og bidrege til fleire dokumentasjonsprogram bl.a. på brynesteinshistoria. Eigne presentasjonsfilmar frå våre anlegg vart også laga, og ein av desse gjekk viralt på Facebook Reels og hadde 1,5 millionar visingar.

Heimesida hadde 30.134 besøkande, opp 12,3%. Digitale følgjarar var 8968 (FB og Instagram) som er ein auke på 18,6%. SoMe vert bruka aktivt for formidling og marknadsføring.

Plan for formidling og marknadsføring vert årleg rullert og vedteke i driftsplan. Måloppnåinga vert vurdert som god ut frå rammene.

Årsmelding 2022

Resultatmål forskning og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg
- følgje vedteken forskingsplan for VTM

Vurdering av eiga måloppnåing

Sjølv om VTM har avgrensa ressursar å setje av til forskingsarbeid, vart det skapt gode resultat dette år. I eigen regi vart det gjennomført eit dokumentasjonsprosjekt på handverkaren og kyrkjebyggjaren Jarand Rønjom, som også resulterte i ei artikkelbasert bok og utstilling.

Vidare vart satsinga på brynesteinshistoria følgd opp: VTM delte redaktøransvar med fyrsteamanuensis Kjetil Loftsgarden (KHM) og utarbeidde ein antologi basert på det fyrste Eidsborgseminaret i 2021. Boka vart gjeve ut på Museumsforlaget og består av 8 fagartiklar, derav 5 fagfellevurderte. Lansering på det andre Eidsborgseminaret oktober 2022, der ein heldt fram med å belyse tema. Ny antologi er under arbeid etter dette, denne gong med professor Bjørn Bandlien (USN) som medredaktør.

På grunnlag av dette utarbeide VTM i samarbeid med KHM søknad på eit doktorgradsprosjekt kalla *Eidsborg rock* til Forskringsrådet. Søknaden gjekk gjennom, og oppstart av det fireårige prosjektet vil vere i 2023. VTM har m.a. rolle som birettleiar, og har mål om å rekruttere stipendiaten etter avslutta prosjekt.

Samarbeidet med USN heldt fram, både ovanfor folkekunststudiet på Rauland og kultur/historie i Bø.

VTM har gjort avtale med ein av dei tilsette om tilrettelegging for deltid masterstudie. Dette vart starta hausten '22, og skal gå fire år framover. Gjennom studiet skal vedkomande arbeide med Lårdals-prosjektet, som er førebudd i fleire år. Målsetjing er å gjere ei framstilling av industribygda si vekst og fall.

Trygg ivaretaking: Samlingsarbeidet

Resultatmål samlingsarbeid

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM og ICOM.
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane.

Årsmelding 2022

- utarbeide ein oppdatera og fullstendig samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale.
- gjere samlingane fortløpande tilgjengeleg for publikum, særskild gjennom DigitaltMuseum

Vurdering av eiga måloppnåing

Hovudoppgåver er registrering og publisering av gjenstandar, arkiv, foto og bøker. I tillegg driv me samlingsrevisjon, og drift av samlingane gjennom ut- og innlån, samt handtering av både interne og eksterne førespurnadar knytt til samlingane.

I 2022 var hovudfokus tilgjengeleggjering og betre arbeidsflyten på gjenstandsmottaket. Det vert ført ein restriktiv innsamlingspolitikk og avhending av ikkje-prioritert materiale. Avgjerd handsamast av inntakskomite.

Det er etablerte rutinar for tilsyn magasin og utstillingar iht klima, temperatur og skadedyr.

Resultat

-98 nye boktitlar vart registrert i samlinga, og 9 titlar vart avhenda i tillegg til revisjon av eksisterande registreringar.

-14 ulike arkiv/11,9 hm ordna, katalogisert og publisert (målsetjing 12 hm)

-5,93 Gb digitalt skapte arkiv er lagra digitalt, 337 digitaliserte sider er publisert på Digitalarkivet

-79 nye kunstverk publisert på DM– no 51% av samlinga publisert, 2% meir enn i 2021

-470 nye kulturhistoriske gjenstandar registrert– 32 % av samlinga no publisert, 6% meir enn i 2021

-758 nye foto registrert –95% av samlinga publisert, 3% meir enn i 2021

VTM har framleis store delar uregistrert kunst, dette gjeld i all hovudsak skulptursamlingane.

Magasinsituasjonen er utfordrande for mykje av dette, elles er kapasitet og løysingar bra for foto og gjenstandar gjennom fotokjøle og kaldtmagasin som er etablert seinare år.

Samlingsavdelinga har også delteke i fleire fellesprosjekt ved museet.

Resultatmål drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle Norsk Skieventyr og VTM – Eidsborg som faglege og opplevingsmessige fyrtårn
- arbeide for nytt regionalt kunstmuseum med magasin og utstillingsareal etter museumsfaglege standardar
- utvikle samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2021
- prioritere marknadsarbeidet
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet

Årsmelding 2022

- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet. VTM skal innan 2022 bli sertifisert som Miljøfyrtårn.

Vurdering av eiga måloppnåing

To større investeringar vart ferdigstilt dette året. Aktivitetsområde for born Norsk Skieventyr og nytt kafé- og sanitærbygg i Øyfjell. Begge prosjekta er prosjektert og realisert av VTM.

Proessen for nytt regionalt kunstmuseum på Rauland gjekk vidare. Vinje kommune løyvde 700' til ei ny forstudie med oppstart 2023.

Det var ikkje rom for å utvide den faglege staben dette året, men fagleg utvikling vart sikra mellom anna med ein tilsett som fullførte Bygningsvern 2-utdanning og ein tilsett som byrja på masterstudie på deltid.

VTM er sertifisert Miljøfyrtårn, og har følgd opp dette arbeidet. Samla fotavtrykk auka likevel dette året på grunn av auka aktivitet etter koronarestriksjonane. Internkontrollsystem vart revidert og oppdatert.

Bygningsvernssenteret med rådgjevingsteneste vart etablert for Telemark. Tenesta har førebels ikkje fast driftsfinansiering, og det manglar enno ei stilling for å kunne dekke behovet. Tenesta kan likevel vise til gode resultat.

Av faglege nettverk elles er viktigaste utvikling innan forskingsfeltet. Vidare er også nettverka innan bygningsvern styrka både for eige mannskap og gjennom rådgjevingstenesta.

Samarbeidet med Dyrsku'n gjekk vidare. VTM har ansvaret for huslids- og handverksutstillingar, aktivitetar og demonstrasjonar. Dette er eit særrelevant arbeid, og styrkar våre nettverk og kunnskapar om kva som skjer innan handverksmiljøa i dag. Slik har fått ein ny ekstern arena for formidling, der ein når ut til svært mange.

Heilskapleg samlingsutvikling: -samling
-nytt målområde som ikkje hadde definerte resultatmål for 2022.

VTM har ein pågåande revisjon av samlingane med ei felles forvaltning av alle samlingane tilslutta museet. Dei nye magasin (2011-12) er felles så langt her er kapasitet, og i overføringsproessen vert materialet revidert og prioritert. Det er førebels kapasitet i dei fleste kategoriar, men ikkje for våre store skulptursamlingar. Dette er hovudmotivasjon for arbeidet med eit nytt regionalt kunstmuseum med fellesmagasin for kunst på Rauland.

Gjennom samlingsrevisjonen får ein stadig betre oversikt over kva samlingane består av, tilstand og status dokumentasjon. Etter føringane om prioritering og avhending har ein innarbeidd rutiner for dette.

Men dette er ei øving med mange omsyn. Formelt er det lokalstyra som er eigarar av samlingane, og det har til no vore krav om konsensus med dei respektive styra før ein kan ta ut noko av samlingane. I 2022 vart avtaleverket revidert. Det er no VTM som har det siste ordet i høve kva prioritering ein gjenstand skal ha. Lokalstyra skal bli teke med på råd, men praksis viser at dei sjeldnare har opplysningar om materialet som endrar vår vurdering.



Årsmelding 2022

Alle inntak og avhendingsspørsmål vert handsama av inntakskomiteen ved museet, som består av næraste fagperson, samlingsansvarleg og direktør.

Statistikken viser at det er ein restriktiv inntakspraksis, og museet har svært lite aktiv innsamling. Dette kan innebere ein risiko for at museet ikkje gjere ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon for våre felt. Dette er likevel ei naudsynt prioritering.

-nytt målområde som ikkje hadde definerte resultatmål for 2022.

For VTM er samarbeid ein viktig del av vår arbeidsform, både fast og prosjektbasert.

VTM samanhandlar tett med frivilljuge i samband med arrangement og utstillingar, men også innan dokumentasjon og formidlingsopplegg. Til dømes har ein fast samarbeid om demonstrasjon av handverksaktivitetar med alle husflidslaga i regionen, og historielaga er sterkt involvert i arkiv- og stadnamnprosjekta våre.

I høve andre museum har ein formalisert samarbeid med Vinjesenteret om Vinjestoga og Telemark Museum og Norsk Industrierbeidermuseum om Telemarksarkivet og faglege nettverk. Elles i 2022 etablerte ein eit tettare samarbeid med KHM i samband med doktorgradsprosjektet, og ein har utstillingsprosjekt under utvikling med Vigelandsmuseet iht bilethoggarane frå Telemark.

Med UH-sektoren har ein avtalefesta samarbeid med USN i høve folkekunststudiet og historie. Gjennom Eidsborgseminara knytt til oss forskingsmiljø elles i USN, UiO, UiB med fleire.

Gjennom bygningsvernsatsinga er samarbeidet med Fagskolen om bygningsvernstudiet fast etablert, og rådgjevingstenesta har utvikla eit stort nettverk til både handverkarar, eigarar og institusjonar og styresmakter innan kulturarvfeltet.

Andre sentrale samarbeid er med Statkraft og Dyrsku'n, der det siste særleg auka veldig i 2022 med prosjektansvaret innan handverk og husflidsformidlinga. Også reiselivet har me faste samarbeid og prosjekt, og dette året var særleg arbeidet med ein ny regional plan for bærekraftig reiseliv eit større tiltak.

Årsmelding 2022

Andre krav og føresetnader for statstilskotet

Rapport om klima- og miljøtiltak

Som Miljøfyrtårn gjennomførte VTM ei rekkje tiltak i 2022. Miljørapporten er ikkje endeleg ferdig enno, så det samla avtrykket til verksemda er ikkje klart. Viktige nykkeltal er likevel:

Straumforbruket vart redusert med 3,8%.

Kjeldesorteringsgraden gjekk opp frå 47,6% til vel 49%, men avfallsmengda auka totalt.

Også tenestereiser gjekk opp (21%), men her skiljer ikkje tala på fossil og ikkje-fossil køyring. VTM har innført gratis lading for tilsette for å stimulere til overgang til elbil, noko fleire nytta høvet til å gjere i 2022.

Auken i avfall og køyring reflekterer også at samanlikningsåret 2021 var eit år med lågare aktivitet på grunn av koronarestriksjonane.

Andre krav og føresetnadar til statstilskotet

Dei tilsette og styret er gjort kjend med dei krav og føresetnader som følgde tilsegnsbrevet for 2022. Ein viser til tidlegare rapporteringar for arbeidet for immateriell kulturarv, mangfald, likestilling, universell utforming med meir. For rapporteringsåret gjeld mykje det same som er meld inn tidlegare, men ein har hatt ein særskild gjennomgang av verksemda ut frå krava til universell utforming. Ein del av tiltaka er gjennomført, og resterande vil bli følgd opp inneverande år.

Særskild tiltak med øyremerkt tilsegn på 2 mill frå KUD var restaurering av gamlestoga på Grimdalen. Dette vart slutført i 2022 etter plan, sjå rapportering vedlikehald.

Gjeldande publikumsutvikling er det ikkje gjennomført eiga undersøking dette år. Me opplever likevel me kjenner godt til vårt publikum, og har ein tett dialog med lokale eigarstyre, venelag, turoperatørar, skular mm. Evalueringsrutiner er på plass knytt til pedagogiske tilbod/DKS.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret

Endå ein gong vil ein påpeika behovet for ei styrking av vedlikehaldet, særskild av den omfattande antikvariske bygningsmassa. Det ekstraordinære tilskotet til vøling av våningshuset på Grimdalstunet som ein fekk i 2022 er slik eit viktig steg vidare. Det er likevel behov for ei varig driftsmessig lyft på dette feltet.

Styret erklærer at vedlikehald er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med ei ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt. Viser til prioritert tiltak budsjettsøknad.

Årsmelding 2022

Mål og nye tiltak

1. Styrking bygningsvern

Som omsøkt dei seinare år styrking av bygningsvernet internt på museet. Det er gjort prioritering så langt ein kan, og vår FDV-avdeling består av 4,5 årsverk. Denne har i tillegg til oppfølging av det antikvariske bygningsvernet ansvar for mange andre oppgåver. Slik er det no vel to årsverk avsett til å følgje opp 92 bygningar med datering frå 1167 til 1990, spreidd over eit stort geografisk område.

Det er gjort ei grundig tilstandsvurdering av alle bygg, og etterslepet er kostnadsrekna til 56 millionar. Dersom ein skal ha ei målsetjing om eit ordinært rullerande vedlikehald innan 2030 må ein ha ei årleg ressursauke på minimum 5 millionar. Styrkinga vil gå til å auke den faste staben og kjøp av tenester.

Søknadsbudsjett:

Eiga omdisponering	1000'
Kulturdepartementet	2000'
Fylkeskommune	1000'
<u>Kommunar</u>	<u>1000'</u>
<u>Sum</u>	<u>5.000'</u>

Kommentarar til rekneskap og balanse

Vest-Telemark Museum følgjer dei vilkår og krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering sett av departementet. Årsrekneskap er revidert og viser eit positivt resultat på kr. 735.882,-, som vert overført til styrking av eigenkapitalen. Den er no på kr.12.541.723'. Årsresultatet utgjere 3,2% av samla driftsinntekter. Ein vurderer økonomistyringa som god, og arbeider aktivt for å redusere faste kostnader og auke eigeninntekter. Del faste offentlege driftstilskotta kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2022 62,7% av samla inntekter mot 72% i 2021, 76,5 % i 2020 og 63,2 % i 2019. I tillegg kjem dei 390' som ein fekk i ekstraordinær koronastøtte. Denne støtta var som kjend større dei to føregåande år. Av dei offentlege driftstilskotta utgjorde statleg bidrag 52,4 %, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 26,9 og 20,7%.

Samla bruttoforteneste på suvenir, mat og bøker vart forbetra frå 54,7 til 57,1%. På mat gjekk fortienesta opp frå 54,7 til 58,1. Det vert arbeidd aktivt for å redusere matsvinn, samt eit medvite innkjøp.

Driftsresultatet 2022 var om lag som budsjettert, etter ein normalisert sesong utan restriksjonar. Dette var eit år med stor prosjektaktivitet, i tillegg til at ein avslutta to større investeringar som ikkje kjem tilsyne i driftsrekneskapen. Nytt kjøken og sanitærbygg på Øyfyll Bygdemuseum og nytt aktivitetssområde Norsk Skieventyr vart dekt av eksterne tilskot, og kjem tilsyne i balansen. Auken i straumutgifter var på 38,2%, sjølv om forbruket vart redusert.



Årsmelding 2022

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til...

...likviditet

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året. Ein har etter 2015 arbeidd medviten med å styrke eigenkapitalen slik at ein er betre rusta til å takle uføresette kostnader.

...eigeninntekter

Budsjettmålet for egne salsinntekter var kr.3190', medan resultatet viser 3677'. Måloppnåing for mat var 131%, suvenir 121%, billetter 102% og bøker 95,6% i høve budsjett. Sidan ein i 2022 sette ut drifta av kaféen på Norsk Skieventyr, kan ein ikkje samanlikne direkte med tidlegare års resultat. Ein kan likevel konkludere med at aktiviteten i 2022 var attende på nivå før korona.

Budsjettmål for prosjekt og sal av tenester var 5.137', medan resultat viser 4.380'. Dette er ei måloppnåing på 85,3%. 2022 var eit år med svært høg prosjektaktivitet, men heller ikkje dette året klara ein å gjennomføre alle planlagde tiltak. Prosjekttilgangen ved årsskiftet vert vurdert som god.

...løn og pensjon

Personalkostnadane utgjorde 59,6% av samla resultat, mot 54,6% og 47,9% dei to føregåande år. Bakgrunnen for dette er utviding av staben og planlagt lønslyft, jf. førre rapportering. Med koronakompensasjonen vart det planlagt og gjennomført ein normalsesong både med bemanning og opningstider.

Investeringsaktiviteten varierer mykje frå år til år, og i 2021 og 2022 var den for VTM høg. Dette kjem ikkje til syne i når ein samanliknar personalkostnad mot driftsresultat. Hadde ein gjort dette, ville forholdstalet for personal vore langt lågare.

Pensjonskostnadane var lågare enn normalt dette år på grunn av refusjon av for mykje innbetalt til premiefond. Eigentlege pensjonskostnader var på 1590', medan 366' vart refundert. Reell pensjonskostnad utgjorde 11,6 % av samla lønskostnader mot 12,5% i 2021. VTM er i gruppa små føretak og kostnadsfører/balansefører ikkje framtidige pensjonsplikter.

...eigenkapital

Eigenkapitalen utgjere ved årets slutt kr. 12.542' mot kr.11.799' i 2021. Eigenkapitalen utgjere med dette 54,3 % av samla driftsramme. Styret ser med dette rom for å vedtaka finansiering av ferdig prosjekterte tiltak frå eigenkapitalen, sjølv om dei ikkje ligg inne i gjeldande driftsplan/budsjett.

...andre sentrale problemstillingar

I tillegg til prisveksten elles, var sjølvsgatt auken i straumutgifter særskild stor. For VTM auka denne kostnaden med 38,2% i 2022 samstundes som me reduserte forbruket med 3,8%. Me er heldige som har tre av våre einingar i Tokke kommune, som har pristak på straum. Dei resterande einingar har ikkje dette og der var auken langt meir brutal.

Årsmelding 2022

For å få ein meir føreseieleg økonomi vart det i desember tinga fram ei ny leigeavtale med Vinje kommune. I denne ligg straum inkludert mot at museet svarar ei fast leige.

Det er gjort freistnadar på å redusere forbruket, men klimakrav til samlingar set premiss for temperaturar. Slik er det avgrensa kor mykje museet har høve til å spare. Større energieffektiverande tiltak er vurdert, men vil krevje omfattande ombyggingar og investeringar. Desse er ikkje rekningsvarande sjølv med dei straumprisar som har vore siste år.

...tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Planverk, internkontrollsystem og årshjul vart revidert og oppgradert på starten av året.

Av systemverktøy vart det innført ny digital timeregistrering og strekkoding for museumsbutikkane. Famac, eit oppfølgings- og dokumentasjonssystem for FDV, vart innført i 2021. Bruken av dette vart vidareutvikla i 2022, og dette er no hovudverktøyet for oppfølging av rutiner og planar for avdelinga.

Ny leigeavtale med Vinje kommune og revidert avtaleverk med lokalstyra avklarar tydelegare ansvarsforhold og gjev meir føreseieleg drift.

På samlingsavdelinga starta eit arbeid for utvikling av arbeidsprosessar. Det har vore utfordrande å få flyt, noko som har gjort at det hopar seg opp med gjenstandar og arbeidsplassane vert rotete og kaotiske.

Kafèdrifta på NSE vart sett ut eksternt for å frigjere ressursar.

Årsmelding 2022

Strategiar og planar for dei neste tre åra

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- bidra til solid kunnskapsproduksjonen om vår regionale kunst- og kulturhistorie
- skape opplevingar og formidling som gjev oversyn, forståing og stimulerer til kritisk refleksjon
- arbeide målretta for å betre tilgjengeleggjering og utvikling av relevante samlingar og bygg
- trygge og halde vedlike sine samlingar, bygningar og kulturlandskap.
- vere ein open og aktiv samfunnsaktør, og søkje samhandling der det kan styrke vårt arbeid
- styrke eigne føresetnader for vårt arbeid og ta ei aktiv rolle for utvikling av kunst- og kulturfeltet i regionen

Årsmelding 2022

Vest-Telemark Museum skal bidra til kunnskapsproduksjonen om vår regionale kunst- og kulturhistorie i tråd med forskingsplan.

Resultatmål årleg

- Setje av eigne ressursar til forskingstid
- Årleg produsere og publisere minst to fagartiklar eller ein fagfellevurdert artikkel
- Innan 2025 styrke den forskingsfaglege bemanning til to med konservator NMF-kompetanse eller høgare
- Årleg deltaka i minst eit FOU-arbeid i samarbeid med forskingsinstitusjonar
- Innan 2026 gjennomføre større forskingsprosjekt med publiseringar og utstillingsformidling på
 - historia til eidsborgbryne
 - industribygda Lårdal si vekst og fall
 - kva kan me lære av Ståleklelvloftet
- Prioritere oppfølging av faglege førespurnader, tilgjengeleggjere våre samlingar og stimulere til forskning
- Arrangere årlege forskingsseminar for å styrke faglege nettverk og publisering

Vest-Telemark Museum skal skape opplevingar og formidling som gjev oversyn, forståing og stimulerer til kritisk refleksjon i tråd med formidlingsplan.

Resultatmål årleg:

- leggje til rette for, produsere og halde ved like utstillingane ved VTM:
 - produsere minst 4 temautstillingar ved minst 3 av VTM sine einingar
 - vedlikehalde og vidareutvikle dei permanente utstillingane ved minst 2 av VTM sine einingar
 - supplere minst 2 av VTM sine utstillingar med ulike former av digital formidling
 - leggje til rette for minst 3 utstillingar i regi av lokalstyra.
- produsere minst ei større utgjeving av typen bok, formidlingshefte, utstillingskatalog eller digital tekst
- arrangere tematiske tilstellingar ved minst fem av VTM sine einingar:
 - minst 3 større temaseminar og -samlingar
 - minst 8 føredrag, konsertar eller teaterframvisingar
 - minst 12 demonstrasjonar av tradisjonshandverk og -landbruk
 - minst 3 historiske turar, spel eller andre markeringar.
- vidareutvikle tilbodet innan DKS og/eller andre pedagogiske opplegg for born og unge ved å:
 - auke talet deltakarar med minst 5%
 - utvikle minst eitt nytt tilbod retta mot born og unge og/eller DKS.
- Utvikle formidlingstilbodet med tanke på mangfald, universell tilgjenge og inkludering ved å:

Årsmelding 2022

- gjennomføre minst eitt formidlingsopplegg som inkluderer medskaping eller medverknad frå publikum
- tilby eit introduksjonsopplegg i lokalhistorie for innvandrara i samarbeid med vaksenopplæringa
- vere til stades på sosiale medium.
- Utarbeide eigen formidlingsplan for DKS innan 2024 og plan for nye målgrupper, mangfald og inkludering innan 2025.

3 Heilskapleg samlingsutvikling

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre tilgjengeleggjing og utvikling av relevante samlingar og bygg i tråd med samlings- og vedlikehaldsplan.

Resultatmål årleg

- prioritere vedlikehald, revisjon og registrering gjennom tydelege årlege målsettingar:
 - Utvikle boksamlinga og revidere 200 katalogpostar
 - Ordne og katalogisere 8hm arkiv
 - Registrere 700 foto
 - Registrere og revidere totalt 1500 gjenstandar
- gjennomføre ei restriktiv innsamling i tråd med gjeldande rutinar og planverk.
- styrke kompetansen innan samling, drift og vedlikehald
 - forske, dokumentere og formidle med basis i bygningsarven og samlingane
- gjera samlingane tilgjengeleg:
 - 100% av ordna arkivmateriale skal publiserast på Arkivportalen
 - Fortsette arbeidet med digitalisering til Digitalarkivet
 - Auke publiseringsgraden på registrerte gjenstandar med minst 5%
 - Auke publiseringsgraden på registrert kunst med minst 2%
 - Auke publiseringsgraden på registrerte bygg med minst 10%
 - Halde publiseringsgraden på registrerte foto stabilt kring 95%

4 Trygg ivaretaking

Vest-Telemark Museum skal trygge og halde ved like sine samlingar, bygningar og kulturlandskap i tråd med sikrings-, vedlikehalds- og samlingsplan.

Resultatmål årleg

- Drifte og vedlikehalde fellesmagasin og samlingane på alle einingar.
 - overvake klima og skadedyr
 - føre løpande tilsyn med og oppfølging av rutiner knytt til våre bygg og anlegg
 - omorganisere mellombels magasin ved Dyre Vaa-samlingane innan 2024 for å redusere risiko ved oppbevaringstilhøva for gipsskulpturane
- Utarbeide grunnlag for og førebu etablering av nytt regionalt kunstmuseum på Rauland
- Prioritere tømning av mellombels lager ved revisjon
- Årleg gjennomføre eit større oppgraderingsprosjekt på alarm og sikring i tråd med sikringsplan

Årsmelding 2022

- Gjennomføre vøling/vedlikehald av antikvariske bygg med mål om
 - TG 1 på 50 % av dei antikvariske bygg innan 2026
 - redusere bygg i TG 3 til 15 % Innan 2026

Vest-Telemark Museum skal vere ein open og aktiv samfunnsaktør, og søkje samhandling der det kan styrke vårt arbeid

Resultatmål årleg

- vidareføre vårt samarbeid med aktørar som USN, Statkraft og Dyrsku'n
- saman med dei andre musea i Telemark arbeide for vidare utvikling av Telemarksarkivet, samlingsnettverket og andre faglege nettverk
- vidareutvikle nettverksarbeidet innan bygningsvern gjennom bygningsvernseieret og prosjekta til vår eigen vedlikehaldsavdeling
- vere ein aktiv deltakar og samarbeidspart i regionale reiselivsprosjekt
- stimulere det frivillige arbeidet innan kulturarv i regionen gjennom relevante prosjekt og samarbeid

6 Fornyng og utvikling

Vest-Telemark Museum skal arbeide for å styrke føresetnadane for vårt arbeid og ta ei aktiv rolle for utvikling av kunst- og kulturfeltet i regionen

Resultatmål årleg

- bidra til etablering av nytt regionalt kunstmuseum på Rauland innan 2026 med magasin og utstillingsareal etter faglege standardar
- etablere rådgjevingsteneste for bygningsvern for Telemark med varig driftsfinansiering frå 2024
- realisere Telemarksarkivet slik planlagt med to årsverk frå 2025
- auke besøksgrunnlaget og egne salsinntekter med 3 % innan 2025
- arbeide målretta med det grønne skiftet og redusere vårt klimaavtrykk med 5 % innan 2025

Eidsborg 27.02.2023

Lars Bjaada

Dag Rorgemoen, direktør


Johannes Skarprud



Årsmelding 2022


Arne Vinje


Ingunn Momrak-Haugan


Inger Synnøve Fles Lie


Trond Arild Pedersen

**Resultatrekneskap**

	Note	2022	2021
DRIFTSINNETEKTER			
Tilskot	7	18 274 414	16 689 119
Anna driftsinntekt		4 836 244	4 182 786
Sum driftsinntekter		<u>23 110 658</u>	<u>20 871 905</u>
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnad		1 143 765	1 120 355
Lønskostnad	2	13 715 985	11 316 954
Avskr. varige dr.midlar	3	279 736	356 082
Annan driftskostnad		7 198 661	6 488 453
Sum driftskostnader		<u>22 338 147</u>	<u>19 281 845</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>772 511</u>	<u>1 590 061</u>
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Renteinntekt		78 404	17 819
Anna finansinntekt		199	32
Rentekostnad		114 551	92 898
Annan finanskostnad		682	158
Resultat av finansposter		<u>-36 629</u>	<u>-75 205</u>
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		<u>735 882</u>	<u>1 514 856</u>
Ordinært resultat		<u>735 882</u>	<u>1 514 856</u>
EKSTRAORDINÆRE INNETEKTER OG KOSTNADER			
ÅRSRESULTAT		<u>735 882</u>	<u>1 514 856</u>
OVERFØRINGAR			
Overført annan eigenkapital	6	735 882	1 514 856
Sum overføringar		<u>735 882</u>	<u>1 514 856</u>



Balanse

	Note	2022	2021
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	1 736 968	1 725 294
Driftslausøre, inventar, verktøy, kontormask. ol.	3	6 827 119	6 792 044
Sum varige driftsmidlar		8 564 088	8 517 339
Investeringar i aksjar og andelar	3	5 002	5 002
Andre langsiktige fordringar		178 485	156 751
Sum finansielle anleggsmidlar		183 487	161 753
Sum anleggsmidlar		8 747 575	8 679 092
OMLØPSMIDLAR			
Varer		713 000	616 793
Sum varer		713 000	616 793
Kundefordringar		137 737	131 747
Andre fordringar		437 282	863 005
Sum fordringar		575 019	994 752
Bankinnskot, kontantar og liknande		13 407 601	15 461 173
Sum omløpsmidlar		14 695 621	17 072 719
SUM EIGEDLAR		23 443 195	25 751 810



Balanse

	Note	2022	2021
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Sum innskoten egenkapital		212 000	212 000
Annan egenkapital	6	12 329 723	11 587 391
Sum opptent egenkapital		12 329 723	11 587 391
Sum egenkapital		12 541 723	11 799 391
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	4 620 000	5 040 000
Sum anna langsiktig gjeld		4 620 000	5 040 000
Leverandørgjeld		557 256	480 423
Skuldige offentlige avgifter		767 370	648 036
Anna kortsiktig gjeld		4 956 847	7 783 960
Sum kortsiktig gjeld		6 281 473	8 912 419
Sum gjeld		10 901 473	13 952 419
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		23 443 195	25 751 810

Eidsborg, 27.02.2023
Styret for Stiftinga Vest-Telemark Museum

Lars Bjaadal
Styreleder

Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem

Arne Vinje
Styremedlem

Johannes Skarprud
Styremedlem

Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem

Trond Arild Pedersen
Styremedlem

Dag Rørgemoen
Dagleg leder

Stiftinga Vest-Telemark Museum



STIFTINGA VEST - TELEMARK MUSEUM

Org. Nr. 985 231 931

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2022

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har ikkje foretekje endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.

Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigående.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til variabel tilvirkningskost.

Råvarer og innkjøpte varer for videresal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Note 2 - Lønnskostnader

Lønnskostnaden for to siste år består av fylgjande.

	2022	2021
Lønningar	10 967 598	9 953 024
Arbeidsgjevaravgift	1 335 681	1 080 180
Pensjonskostnader	1 224 518	143 458
Andre lønnskostnader	188 188	140 292
Sum lønnskostnader	13 715 985	11 316 954
Gjennomsnittleg antall årsverk	14	14

I 2022 er det brukt kr 365 899 av premiefond i KLP til innbetaling av pensjonskostnad.



Note 3 - Varige driftsmidler

	Maskin/ inventar	Bygg Eidsborg	Inventar/ utstilling Eidsborg	Kanal- parken	Bygg NSE	Bygg Øyfell	Tomt Eidsborg
Anskaffelseskost 01.01.	1 642 051	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	964 393	
Årets tilgang	188 750			-		1 632 516	71 485
Årets avgang til anskaffelseskost							
Anskaffelseskost 31.12.	1 830 801	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	2 596 909	71 485
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.	1 447 326	156 467		972 579	418 248	8 160	
Motatt tilskott		51 584 858	5 991 746	4 971 000	-	2 190 659	
Bokført verdi pr 31.12.	383 475	5 767 481	451 897	-	1 428 300	398 090	71 485
Årets avskrivning	153 675	69 300		-	36 900	8 160	
Årets nedskrivningar							
Årets avskrivning i %	20 %			14 %	2 %		
Økonomisk levetid	5 år			7 år	50 år		
Avskrivningsplan	Linær	Linær	Linær	Linær	Linær		

	Vass- drags modell	Lade- stasjon	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	645 417	218 011	75 212 448
Årets tilgang	518 230		2 410 981
Årets avgang til anskaffelseskost			-
Anskaffelseskost 31.12.	1 163 647	218 011	77 623 429
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.		14 651	3 017 431
Motatt tilskott	1 163 647	140 000	66 041 910
Bokført verdi pr 31.12.	-	63 360	8 564 088
Årets avskrivning		11 701	279 736
Årets nedskrivningar			
Årets avskrivning i %		15 %	
Økonomisk levetid		7 år	
Avskrivningsplan			

Aksjar/ Iutkapital

Finansielle anleggsmidler

	Antal	Kostpris	Bokført	Eigarandel i %
Norsk Skieventyr AS	50	0	1	5,00 %
VisitTelemark AS	5	0	1	
Stiftinga Norsk Landstadsenter		5 000	5 000	5,00 %

Note 4 - Langsiktig gjeld/ pantsetjingar og garantiar

Gjeld som forfell til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slut 2022
Gjeld til kredittinstitusjonar 2 700 000

Pantsetjing og liknande	Gjeld sikra ved pant	Sikkerheit	Bokført verdi
Gjeld til kredittinstitusjonar	4 620 000		
Kassakreditt	-		
Sum	4 620 000		-

Limit kassakreditt er kr. 0.



Det er 2 lån i stiftinga 31.12.2022. Eit lån på opprinneleg kr. 660.000 for å dekke kjøp av lokaler i Morgedal. Betaling på dette lånet vil tilsvare den husleiga som var på dette lokalet før. Lånet er nedbetalt i år 2026.

Det andre lånet er på kr. 4.800.000. Dette står i stiftinga Vest Telemark Museum sitt navn, men vert fullt betjent av Tokke Kommune. Dette er Tokke Kommune sitt bidrag til utbygginga i Eidsborg. Lånet er nedbetalt i år 2036.

Note 5 - Innbetalt selskapskapital

Følgjande har innbetalt selskapskapital

Namn	Innskott kapital
Vest - Telemark Museum, Eidsborg	201 000
Anne Grimdals Minne	1 000
Åmdals Verk Gruver	1 000
Fyresdal Bygdemuseum	1 000
Kviteseid Bygdetun	1 000
Norsk Skieventyr	1 000
Øyffjell Bygdemuseum	1 000
Dyre Vaa Samlingane	1 000
Skinnarlandsamlinga	1 000
Vinje Biletgalleri	1 000
Myllarheimen	1 000
Vinjestoga	1 000
Totalt innbetalt selskapskapital	212 000

Note 6 - Egenkapital

Stiftelsen opptjente egenkapital er splittet i annen egenkapital og fond for samlingar.

	Grunnkap.	Fond for samlingar	Anna EK	Sum eigenkap
Pr. 31.12.2021	212 000	84 692	11 502 699	11 799 391
Årets resultat		6 450	735 882	742 332
Egenkapital pr 31.12.2022	212 000	91 142	12 238 581	12 541 723

Årets sal av gjenstander er tillagt fond for samlingar.

Fond for samlingar kan kun nyttast til innkjøp av nye objekter til samlingane. Oppset nedenfor viser bruk/ tilgang på fondet for 2022.

Fond for samlingar	
Per 31.12.2021	84 692
Tillagt fondet i året	8 200
Årets bruk	1 750
Per 31.12.2022	91 142

Note 7 - Offentlege driftstilskot

Namn	Tilskot	Tilskot
Det kongelige kulturdepartement	Driftstilskot	7 590 000
Det kongelige kulturdepartement	Ekstra tilskot korona	390 000
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Driftstilskot	3 894 859
Tokke kommune	Driftstilskot	1 240 954
Fyresdal kommune	Driftstilskot	148 341
Kviteseid kommune	Driftstilskot	500 652
Vinje kommune	Driftstilskot	992 268
Seljord kommune	Driftstilskot	113 411
Sum		14 870 485



Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

Til styret i

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Vest-Telemark Museum sin årsrekneskap som viser eit overskot kr 735 882. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022 og resultatrekneskap for regnskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultatata for regnskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjonen.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapet. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet overfor dekker ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord
Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00
Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor Inger Norberg
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@revisorteam.no
inger.n@revisorteam.no
toreinar@revisorteam.no
audeva@revisorteam.no
kristine@revisorteam.no
elisabeth.b@revisorteam.no



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjonen. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for elles.

Seljord, 27. februar 2023

Revisorteam Vest Telemark AS

Kristine Midtbø Mo

Statsautorisert revisor